



Høgskulen i Volda, 15. juni 2023

Dykkar ref.: 22/4033

Vår ref.: 23/00650

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119  
Dep 0032 OSLO

## **Innspel til stortingsmelding om profesjonsutdanningane**

Høgskulen i Volda takkar for at vi får gi innspel til komande stortingsmelding om profesjonsutdanningane. Hos oss er det særleg forhold som gjeld lærarutdanningane og sosialfagleg profesjonsutdanningar som ligg til grunn for innspela.

Som overordna kommentar vil vi seie at Kunnskapsdepartementet etterspør moment som vi støttar er viktige å belyse i ei stortingsmelding om profesjonsutdanningar. I det som følgjer kommenterer vi kvart av hovudområda, slik dei går fram av invitasjonen frå KD.

### **Kvalitet**

Høgskulen i Volda har svært god dialog med praksisfeltet, både i lærarutdanningane og sosialfagutdanningane. Vi samarbeider tett om praksis og om kompetanseutvikling, mellom anna gjennom partnerskap og læringsnettverk. Det bidreg positivt til kvaliteten i utdanningane, og til auka kompetanse i praksisfeltet, og samla sett til god kjennskap til kvarandre. Ein av grunnane til det gode samarbeidet er at vi geografisk er tett på praksisfeltet vårt, og at høgskulen i relativt stor grad rekrutterer tilsette frå praksisfeltet til vitskaplege stillingar. Små og oversiktlege forhold bidreg truleg i stor grad til det gode samarbeidet. I desse samarbeida må vi legge endå meir vekt på samarbeid om forskning/forskningsprosjekt.

Per i dag tilfredsstillar Høgskulen i Volda krava som studietilsynsforskrifta stiller til dei profesjonsutdanningane vi har. Men vi må arbeide meir aktivt for å få fleire med førstekompetanse og toppkompetanse, og særleg blant dei tilsette som er rekrutterte frå praksisfeltet. Å samarbeide meir om forskningsprosjekt, jf. punktet ovanfor, kan kunne bidra til det.

Moment som er omtala i punktet om kapasitet (sjå nedanfor), er også relevante for kvalitet.

### **Kapasitet**

Tilgang til profesjonsutdanningar i distrikta er nødvendig for rekruttering av både lærarar, sjukepleiarar, barnevernspedagogar, sosionomar o.a. til arbeidslivet i distriktet. Vi veit at mange

studentar både vert rekrutterte frå og uteksaminerte til arbeidslivet i den regionen der utdanningane er. Meldinga bør legge vekt på slike perspektiv.

Når det gjeld kapasitet og kvalitet, bør meldinga ta opp korleis ulike profesjonar kan og bør brukast på 'kryss av tvers' av tenester og praksisfelt, t.d. kva rolle sosialarbeidarar kan spele i eldreomsorga, i grunnskular og vidaregåande opplæring. Og korleis meir tverrfagleg samarbeid kan gi betre tenester og auke kapasiteten.

### **Praksis**

Vårt inntrykk er at profesjonsutdanningane ved Høgskulen i Volda har mindre utfordringar med å skaffe praksisplassar enn tilsvarande utdanningar ved dei større utdanningsinstitusjonane. Kommunar og andre praksisfelt i regionen er svært positive til å samarbeide med høgskulen om praksis, inkludert å bidra med praksisplassar.

Men vi meiner at det er viktig at praksis vert behandla i stortingsmeldinga. Særleg i helse- og sosialfagutdanningane er det store utfordringar med praksis, m.a. når det gjeld talet på praksisplassar, relevante praksisplassar, praksisrettleiing og kvaliteten i praksis. Det er også verdt å nemne at det er fleire nye forskriftsfesta utdanningar som har krav om praksis (t.d. masterutdanningar i barnevern og barnevernsarbeid). Det kan auke konkurransen om praksisplassar.

Høgskulen i Volda foreslår at det vert opna for meir variasjon og fleksibilitet i gjennomføring av praksis. Kan meir praksis gjennomførast i grupper? Kan større delar av praksis vere tverrfagleg? Kan hende er det ein ide å prøve ut alternative praksismodellar gjennom forsøksordningar med praksis.

### **Mangfald**

Det norske samfunnet er fleirkulturelt, med stort mangfald, m.a. når det gjeld etnisk og sosial bakgrunn. Meldinga bør drøfte om det er viktig, og eventuelt kvifor det er viktig, at dei som skal arbeide i yrka i velferdsstaten speglar det mangfaldige og fleirkulturelle samfunnet. Meldinga bør seie noko om korleis utdanningane kan rekruttere studentar som speglar mangfaldet.

Både i lærarutdanningane og sosialfagutdanningane er kvinnedelen svært høg, både blant studentar og tilsette. Stortingsmeldinga bør drøfte tiltak som kan gjere desse utdanningane og yrka attraktive for menn.

På vegner av Høgskulen i Volda

Randi Bergem  
dekan, Avdeling for samfunnsfag og historie

Silje Ims Lied  
prodekan, Avdeling for humanistiske  
fag og lærarutdanning